

**TRYKKSAKER**

Faktura - Brevark -  
Konvoluttar - Årsmeldingar m. m.  
Kontakt  
FJORDINGEN

# FJORDINGEN

Laussal kr. 3,-

Fjordingen 50.  
årgang.

Stryn, måndag 9. jan. 1984

BYGDEBLAD FOR NORDFJORD

Nr. 3 — 50. årgang

## FJØSLUFT TIL HUS-OPPVARMING?

*Øens Kjølleservice i Hornindal har spesialisert seg på varmegjenvinning*

**HARALD VARTDAL**

I våre dagar er det ikkje så ofte at folk seier opp sikre og gode jobbar for å starte eige firma. Bjarne Øen i Hornindal høyrer til unntaka. I 1980 bygde han eit 100 kvm. stort produksjonslokale på Ytrehorn, og same året leverte Øens Kjølleservice dei første matbodkjølarane. I dag vert desse kjølarane selde kring om i store deler av landet.

Eit par år etter oppstartinga fekk Bjarne Øen autorisasjon som kjøleentreprenør, og hovudarbeidet er nå større kjøleanlegg i forretningar, slakteri, meieri, sjukeheimar o. l.

Verksemda hadde ein fin auke i ordretilgangen i 1983, og som eit resultat av dette vart Glenn Halsnes tilsett.

— Om ti års tid reknar eg med at varmegjenvinning blir det viktigaste arbeidsområdet vårt. På dette feltet skjer det nå revolusjonerande ting, seier Øen. Sjølv har han t. d. tenkt å prøve kor mykje varme han kan hente frå vanleg ute-luft. Det syner seg nemleg at det går an å varme opp t. d. hus med luft som held opptil minus 10 grader!

—Var det ikkje litt hasard å seie opp som maskinist ved Sunnmøre Meieri på Hellesylt for å starte for seg sjølv?


—Det var nok litt sjansespel. Men eg visste at det ikkje fanst kjølefolk på strekninga Førde til Alesund - og dermed måtte det vere eit behov. Men eg skal innrømme at det ikkje var lett å få skikkeleg økonomi ut av det første året.

—Kven sette deg på tanken om å lage matbodkjølar?

—Idéen var faktisk min eigen. For åtte år sidan laga eg to kjølarar som eg prøvde ut gjennom fire år. Same året som produksjonen starta her i Hornindal, fekk eg Nemko-

godkjenning på Gro-kjøle type AC 10.

—Dei fleste husstandar har både kjøleskap og frysar. Er det då trong (Framh. side 5)



::Bjarne Øen har konstruert og produsert omlag 140 matbodkjølarar av denne typen. Dei blir selde over store deler av landet::

**Eivind Grov:**

## Uakseptabelt å stenge Strynefjellsvegen p.g.a. rasfare!

— Alle aksepterer at Strynefjellsvegen er stengd p.g.a. snøføyke og uver. Men vi vil ikkje lenger godta stenging fordi nokre skredforskarar sit med kikkert og ser på snøfonen som kan kome. I så fall var det mange vegar i landet som måtte stengast.

Det er hotelldirektør Eivind Grov som uttaler dette til «Fjordingen».

— Å halde vegen stengd på

grunn av rasfare er eit uheldig argument. Vi veit at det er like stor rasfare mange andre stader, utan at desse vegane blir stengde.

Eivind Grov fryktar at Hotel Alexandra vil tape vintertrafikk i framtida fordi det stadig vert meldt om stenging p.g.a. rasfare. Skredforskarane byrjar vise ei makt som er uakseptabel for næringslivet i distriktet. Tida er inne for å kalle ein spade for ein spade, og fortelje

skredforskarane kva vi meiner, seier Grov.

— Folk har enorm respekt for det arbeidet brøytemannskapa utfører. Og det er heller ikkje dei som stengjer vegen. Når vi ringer brøytestasjonen svarar dei: «Vi veit ikkje om vi får lov til å opne vegen». Med andre ord er det karane på skredhytta som bestemmer, og det vil vi ikkje finne oss i lenger, sluttar Grov.

## Ynskjedraum

Å — gjev vi kunne leve etter apostelen sine ord, då vorte her mykje betre på denne ufredens jord.

No går vi her å trampar og på kvarandre trør, men Johannes gav oss dei ordi: Elsk kvarandre brør.

Å — gjev vi kjærleik sådde i den åkeren vi no sår hat.

Tenk, kva vi då oppnådde og kva frukter vi då fekk att.

Ja, tenk kva fred og lukke det vorte då her på jord.

Å — gjev de ville tenkja litt på desse mine ord.

Med dette ynskjer eg lesarane eit best mogeleg Godt År 1984, både dei som er med meg, og dei som står imot meg.

Johan O. Lillestøl.

## Britane har flytta til Nordfjord — Hotell i Østerdalen krev 1 million i erstatning

Eit hotell i Os i Østerdalen, Hummelfjell Hotell, krev ein million i erstatning frå Forsvarskommande Sør-Norge. Årsaka er at ei britisk militærøving som skulle ha vore i Os, med Hummelfjell som base, er flytta til Nordfjord, (Hornindal og Eid).

Landkommandøren for Sør-Norge seier at forsvaret ikkje har noko avtale med dette hotellet, og rekninga er difor sendt til den britiske ambassaden.


Det blir hevda at britane er flytta frå Hummelfjell Hotell, fordi Os kommune har disponert eit av

forlegningsstadane til andre formål, slik at der ville bli liten plass til britane.

**VARSLINGSPRØVE**  
med sivilforsvarets sirener  
onsdag 11. januar kl. 12.00

Signalet VIKTIG MELDING - LYTT PÅ RADIO sendes

**DIREKTORÅTET FOR SIVILT BEREDSKAP**



Glenn Halsnes har sitt daglege arbeid hjå Øens Kjøleservice.::

Fór i fokus:

## Premie til beste bygda

For i fokus er ein veiledningsaksjon som tek sikte på å gje gardbrukarane betre forutsetningar til å møte nye utfordringar i tida som kjem. Vi tenkjer då spesielt på dette med auka krav til eigen forandel i husdyrholdet.

Det viktigaste elementet i denne veiledningsaksjonen er studieverksemda i 1983/84. Oppslutninga om aksjonen så langt syner at bøndene sluttar godt opp om studietilbodet. Pr. idag reknar vi at omlag 900 gardbrukarar her i fylket vil gå gjennom studieheftet For i fokus.

Det er vidare bestemt at det skal gjevast premie til den bygda/kommunen i landet som har best eller størst oppslutning om For i fokus. I denne kommunen skal det trek-

kjast ut ein ring som får førstepræmien. Og det vert ein tur til Ungskuet i Herning, Danmark. Det er også meininga at dei aktive rettleiarane i kommunen skal vere med.

For Sogn og Fjordane er det oppnemnt eit fylkesutval som avgjer kva forslag som skal innsendast til den sentrale For i fokus-komiteén, som deler ut denne førstepræmien.

Alle kan sende inn forslag til denne «tevlinga».

Forslag kan sendast til: Fylkeslandbrukskontoret i S. og Fj. Jordbrukssetaten Postboks 14 6801 Førde

Siste frist for innsending av forslag vert 2. april 1984.

## Fjøsluft til —

(Framh. frå side 1)

for egne kjølerom?

—Ja, det syner seg at mange ynkjer større plass til å lagre matvarer, grønnsaker, bær og frukt.

—Kor store investeringar er det snakk om?

—La oss ta utgangspunkt i ei bod i eit nytt hus. Vanlegvis er der deleveggar med 7,5 cm isolasjon. Dersom ein i staden nyttar 4 toms stenderar og 10 cm isolasjon, og set inn kjøleromsdør, vil boda vere klar for innsetting av kjølar. Den kostar 4.200 kroner inkl. m.v.a. Alt i alt reknar vi med at det kjem på ca. 7.000 kroner å få til eit kjølerom som held 2—4 plussgrader.

### VARMEGIENNVINNING

Men ein vil også få varmegjenvinning. Kjølemaskinen forbrukar ca. 300 watt, og i varmegjenvinning får ein igjen ca. 560 watt. Dette er energi som kan nyttast til oppvarming av vaskekjellarar og gangar. Eg veit og om dei som har laga seg tørkeskåp av varmen dei får tilbake, seier Øen. Han legg til at matbodkjølaren er godkjend i Husbankhus utan kjellar. Det blir og arbeid for at Husbanken skal godkjenne utgiftene i hus med kjellar.

Øens Kjøleservice har hatt fleire større oppdrag her i distriktet - t.d. «Go'biten», Olden S-lag, Nordfjord Meieri og Royal Mat i Stryn kommune.

—Vi har levert mange prefabrikkerte kjølerom/fryserom. Elementa vert produsert i Fresvik i Sogn, og vi byggjer ut komplette anlegg. Dette er nokså vanleg i forretningar, sjukehus o.l.

### UTNYTTING AV FJØSVARME

Varmegjenvinning er eit uhyre interessant felt. For ei tid tilbake var det eit innslag i Norge Rundt der ein bonde på Jæren fortalde at han nytta fjøsvarme til å hete opp bustadhuset. Denne forma for varmegjenvinning vil det nok bli fleire som nyttar seg av i åra som kjem.

—Vi veit at ei kyr som står i ein fjøs produserer ca. 1400 watt i energi. For å halde temperaturen i fjøsen, treng ein ca. 1000 watt (1 kilowatt) pr. kyr. Overskotsvarmen pr. kyr blir dermed 400 watt.

Ein bonde som har 15 kyr får då 6 kilowatt (400 x 15) gratis energi når anlegget er nedskrive. Og 6 kW

vil vere nok til å varme opp eit vanleg bustadhus. Samstundes gjev det betre klima i fjøset. Varmepumpa verkar nemleg som avfuktingsanlegg. Slik det er idag, bles ei termostatstyrt vifte varmen oppunder taket, og overskotsenergien går tapt.

—På denne måten vil ein altså føre fjøslukta over i bustadhus?

—Nei, sjølvsagt slepp ein luft i huset. Kjølevæska blir kondensert, og varmen vert teken ut via kondensator. Så det blir eigentleg kjølevæska som avgir varmen til bustadhuset.

—Kor mykje vil det koste å føre overskotsvarmen frå fjøs til bustadhus?

—Sjølve anlegget kostar ca. 35.000—40.000 kroner. Utgiftene med kanal som fordelar varmen kring om i bustadhuset vil kome i tillegg.

### 9000 KRONER

Det mest interessante er kva ein vil spare inn att. Vi kan gå ut frå at fyringsseongen varer i 6000 timar. Med 6 kilowatt frå fjøsen vil ein dermed nytte 36.000 kW. Og med ein strauppris på 25 øre pr. kW, vil ein spare inn 9000 kroner i året.

Men det er ikkje berre bøndene som har sjansen til å nytte nye energikjelder i framtida.

—Vi kjenner til at fabrikkar som ligg ved sjøen, brukar varmen frå sjøvatten til oppvarming. Når ein har foreteke dei investeringane som må til, gjev dette gratis energi.

—Bruk av luft, er eit anna interessant felt. Vi veit at det går an å omdanne uteluft på ned til minus 10 grader til varme.

Dette har eg sjølv tenkt å prøve på til hausten, seier Bjørne Øen til slutt.

Liten og svolten  
tenk om det  
var ditt barn!

REDD BARN  
Jernbanetorget 2, Oslo 1  
Postgirokonto 5000187

I Sogn og Fjordane:

# 40 maskinentreprenører ynskjer samarbeid!

Liten tilgang på nye oppdrag og hardt pressa prisar har gjort situasjonen usikker for mange maskinentreprenører i Sogn og Fjordane. No ynskjer 40 av dei 93 entreprenører/selskap å inngå samarbeid, slik at dei betre kan konkurrere om dei verkelege store oppdraga. Kraftutbygginga i Breheimen er den første store utfordringa.

Næringspolitisk konsulent Asbjørn Algøy i Maskinentreprenørenes Forbund seier til BT at forsøket på ei etablering av eit slikt selskap er ei vidareføring av diskusjonen dei hadde på eit møte i Loen i oktober.

Meininga er ikkje å ta opp kampen med dei verkelege store

entreprenørane, men å konkurrere om mindre «pakkar» som likevel kan vere store for entreprenørane i Sogn og Fjordane, seier han.

Dei første svara frå dei 40 verksemdene er ikkje bindande, og først seinare vil ein sende ut innbidding til skiping av eit slikt selskap. Ein vonar at det kan late seg gjere ein gong i løpet av andre halvår 1984.

# Grunneigarane usamde om regulering av Floaelva

I samband med ei eventuell regulering av Floaelva i Innvik, ba teknisk kontor dei berørte grunneigarane om å uttale seg i samband med saka. Stryn kommune har no motteke skriv om saka, og desse syner at dei herskar ueinighet om korvidt Floaelva skal regulerast eller ikkje. I fyrste omgang skal teknisk kontor no sjå nærare på det materialet dei sit inne med, for så seinare senda det over til bygningsrådet og teknisk utval. Deretter vert saka truleg teken opp i formannskapet, noko ein håpar skal skje i byrjinga av februar.

Under gjev vi att innhaldet i dei to breva som Stryn kommune har motteke frå dei berørte grunneigarane.

Stryn Kommune  
6880 STRYN

PROTEST MOT FLYTTING AV  
FLOAELVA I INNVIK

Vi har fått opplyst at i samband med skade på riksvegbrua innafor oss, vert det vurdert å flytte Floaelva.

Dette protesterer vi mot på det sterkaste, då ei slik flytting vil gi store ulemper og verdiforringing av

eigedomane våre. Ein minner i det høve om det økonomiske ansvar Stryn kommune i tilfelle vil kome i både når det gjeld det sikringsmessige og den generelle verdireduksjon av eigedomane våre.

Lyskopi av dette skrevet er sendt til NVE, Førde, v/overingeniør Bjørnæk.

Innvik den 12. desember 1983  
Ingolv Hilde, Kjellaug Hilde,  
Magne Høgalmen, Ola Bergh, Liv  
Høgalmen, Ragna Bergh.

Til Stryn Formannskap  
6880 STRYN

REGULERING AV FLOAELVA I  
INNVIK

Floaelva har i alle år vore eit stort problem for grunneigarane og oppsittjarane langs denne. Arleg har den fløynt over slik at jordareala har hatt liten utnyttingsverdi, samtidig som den har fløynt over både den kommunale veggen og riksveggen.

I 1983 har den gjort direkte skade, då ho var den direkte årsak til at brua over riksveggen brotna ned.

Det har i tidlegare år vore utarbeidd 3 reguleringsplanar utan at nokre av desse har kome fram til slutthandsaming og regulering/forebygging har vorte realitet.

Vi meiner at ei regulering har så stor ålmen interesse at vi vil be Stryn Kommune om å utarbeide ein reguleringsplan. Vi vil og på same tid be om at ein reguleringsplan også omfattar regulering av område slik at den løysar andre problem som vil få direkte innverknad av elvaregulering:

Parkeringsplass til kyrkja. Utbetring av veggen frå Sydnesskryset til kryss ved Olav Bennes/byggefeltet. Omlegging av veg frå ny bru til Hilde. Leidningsnett for kloakk i området.

Vi er viljuge å avstå turvande areal til ein fornuftig regulering. Vi viser elles til vårt møte med Teknisk sjef Kåre Rusten og form. i Teknisk Utval, Oddvin Drageset.

Vonar at ei planløyning av ovannevnte punkt vil få prioritet.

Med helsing  
Jostein L. Hilde, Anton Hilde,  
Anders L. Hilde, Einar Nesdal,  
Jakob E. Aaberg.